



Saksframlegg

Prosjekt- nordsjøturnus for legetenesta- evaluering etter 2 år i drift

Utval	Utvalssak	Møtedato
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

- 1 Evaluering av nordsjøturnusordninga- Rapport
- 2 Statestikk over bruk av legevakt.

Bakgrunn for saka:

Prosjekt- Nordsjøturnus for legetenesta

Fastlegesituasjonen i Fyresdal kommune var i fleire år prega av mangel på kontinuitet, der mange legar blei leigde inn frå bemanningsbyrå for korte eller litt lenger periodar. Det blei parallelt jobba med å rekruttere fastlegar i faste stillingar, men dette viste seg å vere svært krevjande å få til.

Mangel på stabile legetenester kan over tid få konsekvensar for innbyggjarane si helse. Avdelingsleiar helse fekk då i oppdrag å utgreie nye måtar å løyse bemanningssituasjonen i allmennlegetenesta, slik at innbyggjarane i Fyresdal kommune skulle ha tilgang på allmennmedisinske legetenester, som konsultasjonar, augeblikkeleg hjelp, sjukebesøk og legevakt.

Det vart utarbeidd ein ny bemannings- og arbeidstidsmodell for allmennlegetenesta i Fyresdal kommune- Nordsjøturnus.

Formålet med ordninga var å sikre kommunen sine innbyggjarar nødvendige allmennlegeteneste av god kvalitet til rett tid, og at alle skal kunne få ein fast allmennlege å halde seg til (fastlege), samt få legevakt i eiga bygd.

Bakgrunn for evalueringa:

Saka vart vedteke i Kommunestyret - 16.06.2022

Fyresdal kommune set i gang eit treårig prosjekt, der ein etablerer ei turnusordning med tre legar som syter for kontinuerleg fastlegedekning i kommunen. Prosjektet inneber også endring i legevaktsopplegg, der lege i turnusordninga er legevaktslege med ekstern svarteneste kveld/natt. Teneste for kommuneoverlege (KOL) og LIS 1 ligg utanfor denne ordninga og vil

halde fram som i dag. Prosjektet blir iverksett med atterhald om at ein får justera avtala med Arendal legevakt til ei tilfredsstillande løysing.

Prosjektet medfører noko auke i kostnader til drift av legetenesta. Innsparing av utgifter til ekstern legevakt vil ikkje få effekt før gjeldande avtale er avslutta. Det er førebels uklart om kommunen får statleg støtte til tiltak for å rekruttere fastlegar i distriktskommunar. Det blir løyvd kr 500 000 til prosjektet i 2022, med dekning frå disposisjonsfondet. Dette blir løyvd for å dekke kostnader ut over det ein erfaringsmessig vil bruke med dagens ordning. Kostnader knytt til den nye ordninga må innarbeidast i budsjettet frå 2023. Det skal gjennomførast evaluering av ny ordning i 2025.

Kommunedirektøren får fullmakt til å organisere og gjennomføre prosjektopplegget

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; *Fyresdal skal ha gode helse og omsorgstenester.*

Det vart utarbeidd ein ny bemannings- og arbeidstidsmodell for allmennlegetenesta i Fyresdal kommune- Nordsjøturnus, der tre legar delar ei fastlegeliste samt er legevakslege i eiga bygd med ekstern svarteneste.

Oppstart for ordninga var 11.04.2023

Tilsetting

Dei tre stillingane som lege i Nordsjøturnus vart lyst ut i starten av november 2022.

Kontaktpersonane fekk svært mange henvendingar frå legar med spørsmål relatert til ordninga. Ved fristens utløp hadde det kome inn 28 søknadar. Søknadane vart grundig gått gjennom av tilsetjingsutvalet som besto av kommuneoverlege, kommunalsjef helse og omsorg, HTV fagforbundet og avdelingsleiar helse.

Eigenskapar tilsetjingsutvalet la til grunn for prioritering av kandidatane var:

Gode samarbeids- og kommunikasjonsevner, evne til å jobbe målretta men samtidig bidra til tverrfagleg samarbeid. Evne til å jobbe under press. Vise handlekraft, like utfordringar vere fleksibel og utviklingsorientert.

I starten av januar hadde tre kandidatar signert avtale som lege i Nordsjøturnusordninga.

Vidare rekruttering

Ein av legane vi tilsette fast gjekk ut i svangerskapspermisjon sommar 24. I denne permisjonen har vi, grunna ulike omstendigheitar, hatt behov for vikar fleire gonger. Ved kvar utlysing har vi fått mange søkarar (31,13 og 18).

Vi har no tilsett lege i svangerskapsvikariatet ut 2025 med moglegheit for forlenging.

Fastlegetilbodet

Modellen har sikra kontinuitet, kompetanse og kvalitet i fastlegetenesta. Sjølv om det er turnusrotasjon på 2:4, er det mogleg å planlegge å ha ein lege fast. Stabiliteten legg og grunnlag for viktig fagleg utveksling.

Dei tilsette på legekantoret treng ikkje lenger å nytte så mykje tid på opplæring av nye legar.

Fyresdal kommune er godkjent utdanningsinstitusjon for allmennlegar. Vi har laga avtale med alle dei tre faste legane i Nordsjøturnus i høve til eit ALIS løp. Kommuneoverlegen er rettleiar for alle tre. Vi har søkt og fått innvilga ALIS tilskot.

Legevakt

Det har frå oppstart blitt ført statestikk over bruk av legevakt. Dette for å få ein oversikt over bruk, samt ha kjennskap til i kva kategori innbyggjarane har behov for hjelp.

Sjå vedlegg: Statistikk over bruk av legevakt

Ved oppstart av ordninga etablerte vi svarteneste på Arendal legevakt. Denne avtala vart sagt opp hausten 2024 grunna stor auke i kostnad. Oppseiingstid er 1 år.

Vi har vore i dialog med Vinje kommune i høve til å etablere svarteneste der frå 01.01.26. Administrativt er det positive signal derifrå, og det blir jobba med forslag til avtale

Legevaktslokal

Ved oppstart av ordninga etablerte vi eit legevaktsskontor på POS. Dette grunna retningslinjer relatert til HMS arbeid samt moglegheita til at sjukepleiar kan bistå legen i krevjande pasientsituasjonar.

Det har vore vaktlegen sjølv som avgjer kvar han vil ta imot pasienten. Erfaringsmessig ser vi at vaktlegen i hovudsak tek imot pasientane på legekontolet. Dei er meir kjente i desse vante lokala.

Grunna retningslinjene i høve til HMS er det gjennomført ROS analyse og vi vil framover nytte legekontolet på POS som fast møtestad på legevakt.

Økonomiske konsekvensar

Utgifter på legevakt/fastlege:

Løn 3 legar i Nordsjøturnus	kr	5 500 000 (fastlege og legevakt)
Kostnad svarteneste:	kr	140 000
Anslag diverse kostnader:	kr	160 000

Inntekter:

Legevaktstilskot:	kr	1 250 000
Helfo refusjonar legevakt:	kr	550 000 (01.01.25-05.11.25)
Eigenandelar legevakt:	kr	230 000 (01.01.25-05.11.25)
ALIS tilskot	kr	514 000 (2 ALIS)

Legevaktstilskot

Staten har etablert ei søknadsbasert støtteordning til kommunar i sentralitetsklasse 6 og folketal under 5000 innbyggjarar.

Målet med denne tilskotsordninga er å bidra til betre rekruttering og redusert vaktbelastning i kommunen si legevaktsordning, i kommunar med særlege rekrutteringsutfordringar.

Fyresdal kommune har søkt om denne ordninga. I 2024 fekk vi kr. 1 500 000 i tilskot og i 2025 fekk vi kr. 1 250 000.

Administrative konsekvensar

Legane i ordninga er kommunalt tilsette i 100 % stilling. Avdelingsleiar helse er deira administrative leiar og kommuneoverlegen er medisinsk fagleg ansvarleg.

Tilbakemeldingar

I løpet av desse to åra i drift har vi fått mange tilbakemeldingar om ordninga, dei fleste positive men og nokre negative. I høve til å kunne få ei god evaluering av ordninga vart det sett ned ei prosjektgruppe. Prosjektgruppa skulle kartlegge korleis Nordsjøordninga fungerte både eksternt og internt.

Det var bestemt i gruppa at det skulle gjennomførast ein innbyggjarundersøking samt ein intern undersøking. Dette for å gje oss konkrete data i høve til kva som fungera godt samt kva som kunne forbetrast. Det vart utarbeidd ein rapport etter undersøkingane (1. Evaluering av Nordsjøturnusordninga- Rapport).

Innbyggjar undersøking

Innbyggjar undersøkinga var frå 23.06.2025 med sluttdato 29.06.2025.

Totalt 161 innbyggjarar svara; 159 digitalt og 2 på papir.

Det kom inn 58 kommentarar/innspel.

Evalueringa viser generelt **positiv respons** på Nordsjøordninga, spesielt når det gjeld **tilgjengelegheit, respektfull behandling og tryggleik**. Samtidig peikar fleire på **forbetringsområder** som ventetid, kontinuitet i legekontakt og moglegheita for å bestille time digitalt hos den ynskta lege.

Intern undersøking

Den interne undersøkinga vart gjennomført frå 18.06.2025 med sluttdato 29.06.2025. 14 svara på undersøkinga og det kom inn 9 kommentarar/ innspel.

Den interne evalueringa viser at Nordsjøordninga opplevast som **trygg og viktig**, spesielt for pleiepersonell. Samtidig er det behov for **betre tilgjengelegheit, raskare respons og meir strukturert samarbeid** – særleg på tvers av legane og med svartenesta

Involvering og informasjon

Avdelingsleiar helse, HR- rådgjevar og kommunalsjef helse og omsorg hadde den 30.09.25 møte med legane i høve til å informere dei om rapporten; Hovudfunna etter undersøkingane. Kva som hadde kome fram av positive ting samt kva som kunne forbeistrast. Legane hadde då moglegheit til å kome med sine synspunkt og innspel samt forslag til tiltak for å forbetre ordninga.

Forbetringsområder og tiltak

Tilbakemelding	Tiltak	Kommentar	Gjennomføring /Frist for gjennomføring
Lang ventetid- ofte 2-3 veker		Gjeld den andre legelista	Kontinuerleg fokus
Informasjonsflyten kunne vore betre mellom Nordsjølegane	Etablere eit opplegg for overlapping mellom legane, evt. faste digitale møter	Legane har no digitale samarbeidsmøte etter behov	Snarast etter vedtak i kommunestyret
Innbyggerane har behov for å vite når den enkelte Nordsjølegen er på jobb.	Legge ut på kommunens heimeside ein oversikt over kva veke kven lege er på jobb		Er iverksett
For få Helse Norge timar	Det skal vere ein eller to Helse Norge timar på Nordsjølegelista kvar dag		Er iverksett
Ynskje om meir kontinuitet og betre henvisningsrutiner	Det er medisinske vurderingar som blir lagt til grunn for henvisningar- ikkje «bestilling» frå pasient	Legane kjenner seg ikkje att i dette. Syns det er gode rutinar i høve til å henvise vidare	Kontinuerleg fokus
Sårbart på tysdag (byttedagen)	Justere arbeidstida (Oppstart-/ avslutningsstidspunkt) til Nordsjølegen slik at det blir mindre sårbart på byttedag.		Snarast etter vedtak i kommunestyret
Lang svartid på 116117	Etablere samarbeid om svarteneste med Vinje kommune		Frå 01.01.2026

Varierande respons frå Nordsjølegen-opplevast som motvilje frå legen, spesielt på natt	Det blir, av legen, gjennomført ei medisinsk vurdering i høve til hastegrad på oppdraget	Om det blir vurdert til å haste blir det avtalt konsultasjon, om det kan vente blir det sett opp til neste dag. Legevakt for alle men ikkje for alt	Kontinuerleg fokus
Heimesjukepleia må gå via 116117 for kontakt med legevakt. Ynskje om å kunne ringe direkte til vaktlegen på kveld, natt, helg og heilagdagar slik POS gjer.	Heimesjukepleia kan ringe direkte til vaktlegen på kveld, natt, helg og heilagdagar slik POS gjer.		Er iverksett
Behov for meir engasjement i fagutvikling, pasientforløp, EPJ, beredskap og smittevern	Alle legane har ansvar for å engasjere seg og nytte fagsystema i sektoren samt fungere som støttefunksjon for andre helseprofesjonar	I følgje legane er dette område som truleg er mest naturleg for KOL og engasjere seg i.	Kontinuerleg fokus

Konklusjon:

Evalueringa av Nordsjøturnusordninga viser generell positiv respons. Den blir opplevd som trygg og viktig samtidig som det blir peika på forbetningsområder.

Forbetningspunkt og innspel som er kome inn er teke til etterretning og det blir jobba for å gjere ordninga endå betre.

Kommunen presenterer seg med følgjande utsegn:

«Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysningar skal Fyresdal vere ein framifrå stad og bu og virke».

Ordninga med ein alternativ bemannings- og arbeidstidsmodell for allmennlegetenesta-Nordsjøturnus har ført til at det no er enklare å rekruttere fastlegar til stillingane i Fyresdal kommune. Det høge antal på søkarar til dei utlyste stillingane visar dette.

Ordninga sikrar kontinuitet, kompetanse og kvalitet i fastlegetenesta, til det beste for kommunens innbyggjarar. Samtidig som det har gjett eit markant lyft i legevaktsopplegget, nærleik og trygge løysingar, utan svært lang reiseveg.

Det gjev og betre arbeidstilhøve for tilsette legar og anna personell i helse- og omsorgssektoren, og eit klart betre tilbod til kommunen sine innbyggjarar.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune etablerer Nordsjøordninga som ei fast ordning. Tre legar delar ei fastlegeliste og syter for kontinuerleg fastlegedekning i kommunen.

Lege i turnusordninga er legevakslege med ekstern svarteneste på kveld/ natt/ helg og høgtid. Teneste for kommuneoverlege(KOL) og LIS 1 ligg utanom denne ordninga.

Kommunedirektøren får fullmakt til å organisere og gjennomføre tiltaka som bør gjerast etter evalueringane for å gjere ordninga endå betre for kommunens innbyggjarar.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Anne Veum
	kommunalsjef HO